



## Ta vare på fuglelivet under strandrydding

Våren er tid både for strandrydding og hekking av fugl. Begge delar er livsviktig for at vi skal kunne bevare norske sjøfuglar. Vi oppfordrar alle til å respektere ferdselsforbodet og vere varsam i område som er viktige for hekkande fugl.



Som strandryddar skal ein vere merksam på om det er fugl som hekkar i nærleiken. Sjå etter reir på bakken og legg merke til fuglar som varslar («skriker»). Fuglane varslar gjerne for å beskytte egg eller ungar, men nokre artar kan berre stikke av utan å varsle. Dersom ein kjem over område med hekkande fugl, gjeld det å ikkje opphalde seg for lenge her, men flytte seg vidare til neste plass utan å somle. Holmar, skjær og nes er ofte spesielt attraktive hekkeplassar, men fuglar kan hekke i mange ulike biotopar, også i innlandet. Nokre fuglar, slik som tjelden, kan legge eggja sine midt på stranda.

### Rydderegler i hekketida:



-  Sjå etter reir og fuglar som varslar
-  Ikkje skrem vekk fuglar som ligg på reir
-  Lat egg og kyllingar ligge i fred i reiret
-  Følg stiar i terrenget til stranda
-  Gå roleg vekk frå område med reir
-  Lat hunden bli heime!



Verneområde for sjøfugl har ferdsselsforbod for å sikre ro i hekketida. Dette er vanlegvis frå 1. mai til 31. juli, men i nokre område er det ferdsselsforbod i ein lengre periode. Områda er merka med ferdsselsforbod i dette kartet: <https://www.fylkesmannen.no/globalassets/fm-more-og-romsdal/dokument-fmmr/naturvern/naturarven-brosjyren.pdf>. (zoom inn og sjå etter områder markert med sko med skråstrek over)

Det er sjølv sagt veldig viktig at også områda med ferdsselsforbod vert rydda. Så langt det er praktisk mogleg må dette skje utanom ferdsselsforbodet. Ta kontakt med Fylkesmannen i Møre og Romsdal dersom du vil rydde i eit verneområde for sjøfugl.



Å verne om fuglelivet er ein av dei viktigaste grunnane til at vi ryddar marint avfall. Vi ynskjer lykke til med ryddinga!

Alle foto: Asbjørn Børset